



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Varslingsøving utanfor kontortid Fylkesmannen og kommunane i Møre og Romsdal

08. november 2016

Evaluering

1 Innleiing

Varslingsøvinga vart først varsla i brev frå Fylkesmannen (FM) 15.03.2016 om Samfunnstryggleik og beredskap - kommuneretta aktivitet i 2016. Øvinga var meldt avvikla utanfor kontortid i veke 45, 07.-11.11.2106.

Øvinga vart gjennomført tysdag 08.11.2016. Første varsel på e-post vart sendt ut kl 18:55 til kommunane sine beredskapsadresser. Kort tid etter, kl 18:57, vart det sendt varsel på SMS i h.h.t. varslingsliste for kommunal kriseleiing.


2 Øvingsmål

Det var på førehand sett eit øvingsmål for øvinga. Det var at kommunane skulle kvittere for mottatt varsel frå FM, helst med ei kvittering pr. kommune. Elles var øvinga godt egna til å avdekke mulege feil eller manglar i varslingslister, både hjå FM og hjå kommunane.

3 Gjennomføring

Første kvittering kom allereie kl 18:56, dvs. før FM rakk å sende ut varselet på SMS. Alle dei 36 kommunane i fylke svarte på varselet, og siste kvittering på e-post er registrert kl 19:40. Vi fekk 3 stk kvitteringar på SMS, og den siste kvitteringa fekk vi onsdag 09.11.2016 kl 12.17.

16 av 36 kommunar sendte berre ei kvittering på varselet. Figuren nedanfor viser grafisk fordelinga i talet på kvitteringar. Søylen med blå farge inkluderar alle kvitteringar, også SMS. Den raude søyla viser berre at 3 av totalt 66 kvitteringar kom på SMS. Årsaka til at SMS er nemnd spesielt er at vi ikkje ønskjer kvittering på SMS, m.a. fordi dette er vanskeleg å loggføre SMS.



4 Evaluering

Øvingsmål – mottak av beredskapsvarsel:

Det er veldig positivt at alle kommunane fekk til å kvittere for mottatt varsel innan rimeleg tid.

Det er likevel berre delvis ståkarakter. Som ein kan sjå ovanfor har fleirtalet av kommunane sendt meir enn ei kvittering på varselet. Her ligg det eit forbettringspotensiale for kommunane i å bli meir samkøyrde internt på kven som gir tilbakemelding på beredskapsvarsel. Det er litt interessant å registrere at beredskapskontakten ofte ikkje er den som først kvitterar på varselet. Det i seg sjølv kan tyde på at kommunen anten ikkje har beskrive ei rutine for kvittering av beredskapsvarsel i planverket, eller så kan det vere at planverket ikkje blir følgd.

Avdekking av feil og manglar i varslingslister:

Etter at FM fekk meldt feil på nokre kommunale beredskapsadresser under Øving Fåriskål 2016 i oktober, var denne varslingsøvinga det første høve til å sjekke ut om desse feila hadde blitt retta. Vi fekk såleis ikkje meldt feil på e-post varslingsadresser ved dette høve.

I etterkant av øvinga har vi i nokon grad fått meldt inn rettingar på kontaktlister frå enkelte kommunar. Sjølv om ikkje dette alltid kjem fram så godt så trur vi at dette i stor grad er eit resultat av feil som har blitt oppdaga i samband med varslingsøvinga.

Konklusjon:

FM ser at kommunane treng meir øving på mottak av beredskapsvarsel då det er eit stort potensiale for mange å bli betre på dette. Det er ikkje spesielt ressurskrevjande for FM å gjennomføre slike øvingar, og vi vil vurdere å gjennomføre liknande øvingar for kommunane litt oftare enn vi har gjort fram til no. Kommunane vert også oppfordra til og kvalitetssikre at ein har rutinar på plass for svar på beredskapsvarsel, og til drive eigenøving.

28.11.2016

AM